



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
07.02.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/12775 542.1  
Dykkar referanse

Salar Bruk AS  
Stekkeviksvegen 42  
5917 Rossland

### **Løyve for utslepp for Salar Bruk AS for produksjon av settefisk av laks og aure på lokaliteten Rosslandsvågen i Meland kommune**

**Salar Bruk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av inntil 11,5 mill settefisk av laks og aure på Rylandsvåg i Meland kommune. Samla årleg produksjon er avgrensa til 1035 tonn fisk og eit fórforbruk på inntil 1240 tonn. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

**Salar Bruk AS får pålegg om reinsing av utsleppsvatn og miljøforbetrande tiltak i Rosslandspollen.**

**Salar AS pliktar å følgje utviklinga i Rosslandspollen med miljøgranskingar kvart 3 år. Det er eit mål at vassførekomsten Rosslandspollen skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021 mål på botndyrfauna på grunt vatn.**

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Salar Bruk AS av 3. oktober 2012 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 9. oktober 2012 med avklart spørsmål om trong for konsekvensutgreiing den 21. desember 2012. Kommunalt vedtak vart gjort 10. desember 2013.

Verksemnda søkjer om løyve til utviding av produksjonen i anlegget frå 5,0 til 11,5 mill settefisk av laks og aure.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav om substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav om substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## **Vurdering**

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld utviding av produksjonen i settefiskanlegget, ei utviding frå 5 til 11,5 mill settefisk. Settefiskanlegget ligg inne i Rosslandspollen. Det er særskilte utfordringar med utslepp til ei slik terskla poll med avgrensa resipientkapasitet.

### *Tilhøvet til plan*

Utviding av produksjonen ved Salar Bruk AS er i samsvar med kommuneplanen for området.

Det kom inn ei rad merknader etter offentleg ettersyn, og det vart halde ope folkemåte 12. april 2013. Merknadene til tiltaket deler seg i grupper: 1) forureining i Rosslandspollen, 2) omsynet til anadrom fisk og fiskebestandane i Rylandsvassdraget og 3) privatrettslege tilhøve i Rylandsvassdraget.

Første punktet blir handsama i dette løyvet. Andre punkt, spørsmålet om sikring av minstevassføring og oppgang av anadrom fisk i Rylandsvassdraget blir handsama av Fylkesmannen etter eige regelverk som oppfølging av NVE-konsesjonen i vassdraget. Det tredje punktet er ikkje del av Fylkesmannen sin handsaming av utsleppsløyve vurdert etter forureiningslova og naturmangfaldlova.

Meland kommune føreset at det vert gjeve nytt utsleppsløyve med krav på lik linje med krav til offentlege avlaup. Dette blir følgt opp i utsleppsløyvet.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Næraste vassdrag med laksebestand er Arnaelva i Bergen og Loneelva i Osterøy som begge ligg 33 – 34 km frå Rylandsvassdraget. Utvidinga av produksjonen ved Salar AS blir vurdert å ikkje endre mogleg påverknad på laksebestandane i desse vassdraga. Grunneigarlaget i Rylandsvassdraget har fremja ønskje om å opne vassdraget for oppgang av sjøaure ved sikring av minstevassføring. Det spørsmålet blir handsama av Fylkesmannen som oppfølging av NVE-konsesjonen i vassdraget.

Friluftslivinteressene i Rosslandspollen er knytt til bruk av området til rekreasjon og fritidsfiske. Fylkesmannen føreset at utsleppet frå Salar AS ikkje skal vere øydeleggjande for

bruken av området til desse føremåla. Det vert difor sett krav om reinsetiltak og tiltak for miljøforbetring i Roslandspollen.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

### *Sjøområdet som resipient*

Salar Bruk AS nyttar Roslandspollen og Herdla fjorden som resipient.

Roslandspollen er ein sterkt terskla poll med eit areal på om lag 1,6 km<sup>2</sup>. Innløpet er om lag 5 m djupt og største djup i pollen om lag 30 m. Det har vore oppdrettsaktivitet i pollen sidan 60-talet, først med eit matfiskanlegg. Matfiskoppdrett vart fjerna frå Roslandspollen kring 1980, anlegget var då på 9.000 m<sup>3</sup>. Første resipientundersøking i 1970 synte oksygensvikt i dei djupaste partia i pollen. Då første resipientgransking vart gjort etter at matfiskanlegget var etablert, finst det ikkje undersøkingar som syner naturtilstanden i Roslandspollen. Erfaringar frå tilsvarende pollar syner at naturtilstanden ofte er med stagnerande botnvatn, noko som gjev oksygensvikt i dei djupaste partia og fråvær av fauna i botnsedimenta.

Resipientgranskingar i Roslandspollen frå 1986 til 2012 utført av Universitetet i Bergen (1986, 1996, 2005 og 2006), Resipientanalyse (2009 og 2010) og Rådgivende Biologer (2012) er synt i tabellen under:

År	Djupne	Stasjon			
		Ros 1 30 m	Ros 2 25 m	Ros 3 13 m	Ros 4 10 m
1986	Tal arter	Ingen dyr	5	7	33
	Tal individ		56	84	369
	Diversitetsindeks H'		1,49	2,81	3,27
	Merknad	Oksygenmetning 74% på 28 m djup. «For store mengder organisk materiale deponert i dypet».			
1996	Tal arter	Ingen dyr	3	32	28
	Tal individ		3	854	280
	Diversitetsindeks H'		1,58	3,04	3,21
	Merknad				
2000		Ingen dyr			
2005		Ingen dyr			
	Merknad		Oksygenfritt botnvatn		
2006	Tal arter		15		
	Tal individ		195		
	Diversitetsindeks H'		2,6		
	Merknad	«Dykka utslepp av ferskvatn gav rask respons».			
2009		Ingen dyr	Ingen dyr		
2010		Ingen dyr	Ingen dyr		
2012	Tal arter	3	18		
	Tal individ	140	241		
	Diversitetsindeks H'	0,17	1,87		
	Merknad	Dykka utslepp av ferskvatn starta i 2011. O <sub>2</sub> rikt vatn heilt til botn.			

Miljøundersøkingane i Roslandspollen tok til fleire år etter oppstart av matfiskproduksjon i pollen. Men det er typisk for slike pollar å ha ustabil vassutskifting i dei djupare vasslaga, noko som fører til fråvær av fauna i botnsedimenta då botnvatnet i periodar er oksygenfritt. Faunaundersøkingane i botnsedimenta har synt at det sidan 1986 har vore fritt for levande

dyr, med unntak av undersøkinga i 2012. Det vart etablert eit dykka utslepp av ferskvatn i 2005. Det har ført til betre områding av vassmassane og dermed meir oksygen. Effekten av dette tiltaket var synleg i 2006 og i 2012. Salar AS fekk pålegg om reinsing av avløpsvatnet i 2007, og slam vart filtrert frå avløpsvatnet frå 2008.

Roslandspollen er utsett for fleire påverknader, ikkje berre oppdrett. Her er og avløp frå bustader og fritidsbustader i tillegg til at Roslandspollen er hamn for om lag 250 fritidsbåtar. Det har ikkje vore mange nok og gamle nok miljøundersøkingar til å kunne konkludere noko om naturtilstand eller utvikling i Roslandspollen. Det har heller ikkje vore gjort faunaanalysar på grunt vatn sidan 1996. Framtidige resipientundersøkingar bør og ta med stasjonane Ros4 og/eller Ros3.

Det er god vassutskifting i dei øvre vasslaga i Roslandspollen, jf. rapporten frå Rådgivende biologer AS. Tiltaket med dykka utslepp av ferskvatn til den djupaste delen av pollen vil føre til omrøring av vassmassane i pollen og utskifting av alt vatn. Det skal føre til at det igjen blir levande liv på botnen i Roslandspollen. Effekten på dei grunnare partia må følgjast opp med framtidige resipientgranskingar.

Roslandspollen har avgrensa kapasitet som resipient. Ei utviding av produksjonen ved Salar Bruk AS føreset to ting: 1) anlegget vert pålagt reinsing av alt avløpsvatn og nullutslepp av partikulært organisk materiale som sedimenterer i pollen, og 2) praksis med dykka utslepp av overløpsvatn blir vidareført. Roslandspollen bør tilførast minst mogleg organisk materiale. Det er viktig at kapasiteten på den kommunale avløpsleidingen vert utnytta maksimalt for å føre mest mogleg av det reinsa avløpsvatnet ut av Roslandspollen. Ein så stor del som mogleg av avløpsvatnet må koplast på det kommunale nettet og bli ført ut av pollen.

Etter vassdirektivet er det krav om at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand. Den økologiske tilstanden i Roslandspollen er ikkje god, men hovudgrunnen til det skuldast topografiske tilhøve og store utslepp av organisk materiale sidan 60-talet. Diverre kjenner vi ikkje naturtilstanden (tilstanden før påverknad frå oppdrett, avløp og fritidsbåtar), og miljøtilstanden har på undersøkingane hamna i tilstandsklasse 3. Fylkesmannen vurderer det slik at det må vere eit mål å nå god økologisk tilstand i Roslandspollen innan 2021, målt på botndyrsfauna i dei grunnare områda i pollen.

Data i *Vann-Nett* syner at Roslandspollen er forureina av kopar og sink og begge desse parametraner plasserer Roslandspollen i tilstandsklasse 3 – mindre god. Kopar og sink kjem frå både matfiskoppdrett og båtar i form av koparimpregnerte nøter og koparstoff i botnsmøring på båtane. Koparforureining skal no vere historie. Sink kjem frå tilsetningsstoff i oppdrettsfôr og frå anodar på stålkonstruksjonar i sjø (offeranodar på motorar og korrosjonsbehandla metallkonstruksjonar).

### *Utslepp til Roslandspollen*

Prosessen ved Salar AS har sidan 2008 vore at alt avløpsvatn blir reinsa og slammet blir ført via kommunal avløpsleiding til større resipient i Herdla fjorden. Etter utviding av produksjonen blir det sett krav om reinsing på alt avløpsvatnet, men slammet skal ikkje førast ut i resipienten i Herdla fjorden. Slammet skal takast vare på og leverast godkjent mottak.

Salar AS kjem fortsatt til å nytte den kommunale avløpsleidingen til å føre reinsa avløpsvatn ut av Roslandspollen. Dette er òg ønskjeleg frå kommunens side då energien i avløpsvatnet frå Salar AS vil sikre at leidingen ikkje vert tetta eller stoppa til. Per i dag har den kommunale leidingen kapasitet til å ta prosessvatn og slam (jf. notat frå Alsaker Fjordbruk

til Meland Kommune 9. oktober 2013). Når slammet blir halde tilbake vil det vere noko større kapasitet til å føre prosessvatn ut av Rosslandspollen.

Utviding av produksjonen ved Salar vil, når løyvet blir nytta maksimalt, føre til maksimalt 65% auke i utslepp av næringsalter. Det reelle utsleppet blir mindre, og vil avhenge av kor stor kapasitet det er på den kommunane avløpsleidningen og graden av vassparingstiltak som blir nytta. Det blir ikkje utslepp av partikulært materiale.

Rådgivende Biologer AS skriv:

Det økte utslippet til Rosslandspollen vil bestå av svært finpartikulære og oppløste stoffer og at de transporteres ut Rosslandspollen med det hyppig utskiftende overflatevannet og til den store resipienten Herdlefjorden. Det ventes derfor ikke at næringsstoffene vil medføre økt algevekst i Rosslandspollen.

Fylkesmannen set krav om at måla i vassdirektivet skal bli innfridd, at miljøtilstanden i Rosslandspollen skal vere «minst god økologisk tilstand» innan 2021.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12*

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med utvidinga av produksjonen i settefiskanlegget i Rosslandspollen. Dei registrerte verdiane er knytt til yngle- og opphaldsplassar for sjøfugl, men situasjonen for desse blir ikkje påverka av endra produksjon ved Salar AS.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er miljøundersøkingar i området, tilgjengelege databaser, dokumentasjonsgrunnlaget vedlagt søknad frå Salar AS og innspel som har kome gjennom offentleg ettersyn. Samstundes vil vi peike på at kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordssystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere mogleg å drive settefiskanlegget Salar Bruk AS utan at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av auka produksjon føresett iversetjing av reinsetiltak og miljøforbetrande tiltak i Rosslandspollen. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten Herdlefjorden blir uendra (naturmangfaldlova § 10) då produksjonsauken blir dempa med krav om reinsing og at det reinsa slammet blir ikkje blir dumpa i resipienten. Det blir og føresett at miljøforbetrande tiltak skal føre til at det skal vere grunnlag for levande liv i heile Rosslandspollen, inklusive dei djupe partia.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Salar Bruk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

## **Konklusjon**

Roslandspollen er i utgangspunktet ikkje egne som resipient for utslepp av organisk materiale. Det er difor naudsynt at utsleppet frå Salar Bruk AS blir reinsa og at dei miljøforbetrande tiltaka med dykka utslepp av ferskvatn til det djupaste partiet av Roslandspollen blir sikra kontinuerleg drift. Fylkesmannen har vurdert føremonene ved å sikre eit tal arbeidsplassar i distriktet mot moglege ulemper som auke i utsleppet kan medføre. Vår vurdering er at det er forsvarleg å auke produksjonen i settefiskanlegget når dette blir følgt opp med dei spesifiserte tiltaka.

Salar AS pliktar å følgje utviklinga i Roslandspollen med miljøgranskingar kvart 3 år. Det skal då gjerast botndyrsundersøkingar på tre stader i pollen i samsvar med tidlegare undersøkingar. Det skal og takast vassprøver og kartlegging av strandsona for å avdekke eventuell eutrofiering i Roslandspollen. Det er eit mål at vassførekomsten i Roslandspollen skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021 mål på botndyrsfauna på grunt vatn.

## **Risikoklasse**

Verksemnda er plassert i risikoklasse 2. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

## **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemnda skal betale 20.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

## **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

## **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernsjef

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:                      Utsleppsløyvet (vedlegg 1)  
   Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:			
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL